



Arne Haugland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/378 - 19/4951

Saksbehandlar:

Madeleine Fonnes Aase

Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no

Dato:

25.03.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 25/10

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 25/10

Tiltakshavar: Arne Haugland v/ Haugland Felles


Kommunen stadfester å ha motteke dykkar søknad 03.03.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Underskrift på søknad.
- Fullmakt for signering på vegne av «Haugland Felles».
- Bruk nr. 05 Knut Magnus Haugland har ikkje signert vedlagt avtale.
- Det er oppgitt at det skal utførast mudring og leggas ut skjelsand. Dette må søkjast om til Fylkesmannen.
 - Til forureiningslova er det gitt «Forskrift om regulering av mudring og dumping i sjø og vassdrag», den såkalte mudringsforskrifta. Generelt sett kan ikkje denne anvendast på utlegging av rein sand, men føresegna om mudring i forskrifta kan imidlertid vere aktuelle når det gjeld utlegging av skjelsand. Det kan vere naudsynt med tillatelse til dette, jf. §§ 3 og 6. Dersom etablering av sandstrender innebærer oppvirvling av forureina sedimentar kan det vere naudsynt å innhente tillatelse etter forureiningslova. Dette må vurderast konkret i det enkelte tilfelle.
 - Utlegging av sand kan også føre til forureining, og vil difor kunne avhenge av ein tillatelse frå Fylkesmannen etter forureiningslova § 11. Det må avklarast med Fylkesmannen om slik tillatelse er naudsynt.
- Utlegging av skjelsand krev dispensasjon frå arealformål naust og hamn. Plassering må og visast på situasjonsplan.

- Området er uregulert og vert i arealformålet i kommuneplan for Radøy 2011 – 2023 vist som eksterande naustområde. Båtopptrekk er i tråd med arealformålet så lenge det ikkje kjem utanfor byggjegransa, sjå vedlagt utsnitt.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.04.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Madeleine Fønnes Aase
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arne Haugland